

## **RAPPORT FRA LEONARDO-STIPENDVINNER VEGARD VEIVÅG etter utplassering ved Íslenska óperan i Reykjavík i januar 2014.**

*OperaNorges stipend gjennom Leonardo-prosjektet / Senter for internasjonalisering for praksisutplassering i et europeisk operahus for en norsk teknisk arbeider, ble i fjor tildelt Vegard Veivåg fra Bergen. Her er noen linjer frå hans rapport:*

### **Kva fekk eg ut av dette? Kva fekk den Islandske Operaen ut av dette? Kva kan Opera Norge få ut av dette?**

Noko av det fyrste som slo meg då eg gjekk rundt i gongane på Harpa er at kulturhus er kulturhus. Det same såg eg hos det tekniske crewet rundt Íslenska Operan. Teknikarar er teknikarar.

Eg har lært ein del om kor lett det kan vere å gjennomføre eit slikt prosjekt som dette, med eit budsjett langt under det dei store operakompania i Noreg har å rutte med, om ein er viljug til å samarbeide på tross av hierarkiet. Administrasjon og kreativ leiing og gölvgutta diskuterte i lag, med opne øyre og sinn, i større grad enn det eg har sett i teater- og operakompani i gamlelandet.

Sjølve utføringa av arbeidet endrar seg frå oppsetjing til oppsetjing, og frå scene til scene, men er i aller høgste grad det same. Vi er alle einige om at merking og notering og øving og samarbeid i alle ledd er det som skal til for å løfte kvaliteten på framsyningane til taket.

Eg ser óg at vi er tent med å ha teknisk og administrativt personell som er dedikert til operamiljøet generelt i tillegg til å arbeide tett med sine egne kompani – fleire av dei eg hadde med å gjere i begge leirer hos IO er teaterpoteter som kunne brukast til det meste. Apparatet rundt ei operaoppsetjing inneheld mykje likt som i teatret, men det finst små finurligheter i samarbeidet admin/teknikk/kunstnar som skiljer seg. Er det kjærleiken til ein kunstform ein som oftest må trene seg opp til å forstå og elske?

Ettersom miljøa rundt opera i både Noreg og Island er ganske små i Europeisk målestokk, vil eg anbefale at vi jobbar med å utvikle eit tettare forhold, med utveksling av idear og personell. Eg er overbevist om at den kulturelle likheten landa imellom vil gjere samarbeidet enkelt, og at vi har fleire ting å lære kvarandre på alle nivåer og stadier av ei oppsetjing.

Eg fekk anledninga til å nyte meistarverket Ragnheiður, kulturbyen Reykjavík og den fantastiske Blå Lagune. Eg fekk tid til å filosofere rundt livet i teatret generelt og opera spesielt. Eg fekk gode opplevingar, gode diskusjoner og gode vener.

Íslenska Opera fekk seg ein billig og læreviljug arbeider på prosjekt, eit par nye måtar å merke og forenkla scenearbeidet, og ikkje minst eit utval dårlege ordspel. (I tillegg til ein ny støttespelar.)

Kva Opera Norge får ut av dette, anna enn min lyst og vilje til å fortsette å jobbe i operaverda, får de bedømme sjølv. Eg håpar rapporten har vore informativ, med litt informasjon og underhaldning til å spe på, og ser fram til vidare samarbeide.

Avslutningsvis må eg berre få leggje til eit sitat frå sopran Unnur Helga Möller: «We are in Opera, because we want to make loud noises!»

Takk for meg.  
Vegard Veivåg